

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Boge, Jan Erik	Arkivkode: FE - 053
Arkivsaksnr: 09/197	Løpenr: 18/3129
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	12.04.2018	016/2018
Kommunestyret	26.04.2018	013/2018

Rapport om breibandstilbodet i Samnanger kommune**26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (A) sette på vegner av Arbeiderpartiet fram følgjande framlegg til tillegg til formannskapet si tilråding:

Tillegg til tilrådinga:

Resten av midlane avsett til utbygging av breiband i området Rolvsvåg - Sagen (omlag kr 50000,-) vert løyvd som tilskot til to konkrete prosjekt. Det eine er området med adresser til Bjelkarvikvegen og det andre er den delen av Ådland som ligg vest for Lindane - Ådland kai.

Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med interessentane og fordela summen mellom dei to prosjekta mtp å få redusera tilkoplingsprisen ned mot standard sats på omlag kr 5000,- pr abonnent.

Olaug Øystese (A), Harald Boge (A) og Gunnar Bruvik (Frp) bad om å få gildskapen sin vurdert. Alle tre gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen deira. Alle tre vart med 16 mot 2 røyster funne gilde, og deltok derfor under handsaminga av saka. Knut Harald Frøland (Bl) og Øyvind Røen (Sp) røysta for at Olaug Øystese, Harald Boge og Gunnar Bruvik var ugilde i saka.

Formannskapet si tilråding inkludert tilleggsframlegget frå Arbeiderpartiet vart samråystes vedteke.

KS- 013/2018 Vedtak:

Kommunestyret tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søkerndsunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søkerndsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i

området Rolvsåg – Saga.

Resten av midlane avsett til utbygging av breiband i området Rolvsåg - Sagen (omlag kr 50000,-) vert løyvd som tilskot til to konkrete prosjekt. Det eine er området med adresser til Bjelkarvikvegen og det andre er den delen av Ådland som ligg vest for Lindane - Ådland kai. Administrasjonen får fullmakt til å forhandla med interessentane og fordela summen mellom dei to prosjekta mtp å få redusera tilkoplingsprisen ned mot standard sats på omlag kr 5000,- pr abonnent.

12.04.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

FORM- 016/2018 Vedtak:

Formannskapet tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søkerndsunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søkerndsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsåg – Saga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tek rapporten om breibandsdekning til orientering. Det skal mellom anna på grunnlag av rapporten utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen. Dette arbeidet kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På grunnlag av målsetjingane som vert vedtekne må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen.

Samnanger kommune må søkja om tilskotsmidlar til breibandsutbygging i NKOM sin søkerndsunde i 2018. Ved behov kan det leigast inn ekstern konsulent for å få utarbeidd søkerndsgrunnlag i område det ikkje vart søkt om tilskot til i 2017. Eventuell innleige av ekstern konsulent vert finansiert med omdisponering av inntil 50.000 kroner av midlane som er avsett til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsåg – Saga.

Dokument som er vedlagt:

Rapport om breibandsdekning 2018

Orientering frå fylkeskommunen om tilskotsordning for breiband 2018

Retningslinjer for tilskot til breibandsutbygging 2018

Økonomiske rammer for tilskot til breibandsutbygging 2018

Kva saka gjeld:

Formannskapet hadde 01.02.2018 oppe sak om vurdering av kommunalt tilskot til breibandsutbygging (sak 003/2018). Den konkrete saka gjaldt tilskot til utbygging i Bjelkarvikvegen. Formannskapet tok ikkje stilling til spørsmålet om tilskot til denne utbygginga, men vedtok å gje rådmannen i oppdrag å kartleggja status for breibandstilbodet i heile kommunen, og leggja fram rapport om dette på neste møte. Det vart vidare vedteke at spørsmålet om eventuelt tilskot til breibandsutbygging i Bjelkarvikvegen ikkje vil bli vurdert før tidlegast neste møte i formannskapet.

Rådmannskontoret har i mars 2018 gjennomført ei kartlegging av breibandstilbodet i Samnanger. Det er utarbeidd rapport frå kartlegginga. Rapporten følgjer vedlagt.

Rapporten viser at breibandstilbodet i kommunen varierer mykje. Nokre område har godt tilbod, medan andre område har därleg eller nesten heilt manglende tilbod. Rapporten viser òg at det er ulike behov og forventningar knytt til breiband. Det som for nokon er eit føremålstenleg breibandstilbod, vil for andre (for eksempel familiar der mange brukar internett samtidig) ikkje vera eit føremålstenleg breibandstilbod. Kartlegginga tyder òg på at mange helst ønskjer seg fiber.

Det går fram av formannskapet sitt vedtak frå 01.02.2018 at det skal utarbeidast målsetjingar for breibandstilbodet i kommunen, og at dette kan gjerast som ein del av arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen. På bakgrunn av målsetjingane som vert vedtekne, må det utarbeidast strategi/plan for vidare utbygging av breiband i kommunen. Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen vil truleg starta opp hausten 2018.

Tilskotsordning for breiband i 2018 - søknadsfrist 18.05.2018

Styresmaktene v/Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) lyser stort sett kvart år ut ordning der kommunane kan søkja om tilskot til breibandsutbygging. Det er no lyst ut tilskotsordning for 2018 (sjå vedlegg). Kommunane sin søknadsfrist er 18.05.2018, og det kan søkjast om tilskot til utbygging i område som har därlegare dekning enn 10 Mbit/s, område som har därlegare dekning enn 30 Mbit/s, eller ein kombinasjon av desse to områda. Hordaland fylkeskommune har allereie fått tildelt ei ramme på 8,3 millionar kroner, som i utgangspunktet skal fordelast til kommunar i fylket. Dersom Samnanger kommune skal søkja om slike midlar i 2018, er det ikkje tid til til å venta på arbeidet med målsetjingar/strategi, jf. avsnittet ovanfor.

Kommunen søkte i 2017 om tilskot til breibandsutbygging i området Hisdal – Trengereidfjorden og området Bjelkarvikvegen, men fekk ikkje innvilga nokon av desse søknadane. Det vil vera relativt lite arbeidskrevjande å søkja på nytt for desse to områda i søknadsrunden i 2018. Det er òg diverse andre område i kommunen der breibandsutbygging kan vera aktuelt. Dersom det skal søkjast om tilskotsmidlar til utbygging i andre område, vil dette krevja ein god del arbeid. Kapasitetsmessig vil dette by på utfordringar for rådmannskontoret, men det kan eventuelt vera eit alternativ å leiga inn ekstern konsulent for å få utarbeidd og sendt inn søknad/søknader. I så fall må det løvvast midlar til dette. Dette kan eventuelt gjerast ved å omdisponera delar av summen på 100.000 kroner som er nevnt i avsnittet nedanfor. I så fall må kommunestyret gjera vedtak om dette.

Kommunalt tilskot til breibandsutbygging

Kommunen kan òg sjølv gå inn med tilskotsmidlar til breibandsutbygging. Dette kan for eksempel vera eit alternativ dersom det ikkje blir gitt tilskot frå NKOM/Hordaland fylkeskommune. Kommunen har pr. i dag disponibelt om lag 100.000 kroner (av totalt 349.000 kroner) som er løyvd til tilskot til breibandsutbygging i området Rolvsåg – Saga, men som truleg ikkje vil bli brukt til denne utbygginga. Kartlegginga som no er gjennomført, viser at det er i alle fall to område der innbyggjarar har vore i kontakt med potensiell utbyggjar (Bergen Fiber), men ønskjer hjelp/torskot frå kommunen for å få realisert utbygging. Dette gjeld Bjelkarvikvegen og Stølane. Dersom midlane som er nevnt ovanfor skal omdisponerast, må kommunestyret gjera vedtak om dette.

